

B7

Nina Kleiven
Mykingvegen 835A
5913 Eikangervåg

14.01.2014

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

19

Søknad om dispensasjon etter Plb§~~22~~ og Kommuneplanens arealdel § 5.6

11-6

Søkjer med dette om dispensasjon frå Plb§~~22~~ og Kommuneplanens arealdel § 5.6 med formål å byggje garasje på gnr. 32 bnr. 6.

Garasjen er tenkt plassert på eit område av tomten (sjå situasjonskart) som har vore planert for lagring av reiskapar sidan 1980 og der det har stått ein garasje tidlegare. Situasjonskart frå 9.febr.1981 viser garasjebygning på samme areal.

Tomten ligg i eit LNF-område med spreidd bustadbygging (LNFR) og heile parsellen er utskilt til bustadforemål i 1950. Storleiken på tomten er ca 3600m² og bygd areal kjem såleis ikkje over 20%. Mønehøgd blir under 6 meter og bygningen tar ikkje utsikt frå naboar.

I dag er det omsøkte arealet, som er tenkt nytta, planert - og traktor, brøytecreiskapar, bil og andre reiskapar må lagrast ute.

Avkoýrsle til heile tomten er godkjent av vegstyresmaktene, men då avstanden til fylkesveg er mindre enn 50 meter vert det sokt Hordaland fylkeskommune om dispensasjon frå dette kravet i samband med dette tiltaket. Men det kan leggjast til at plasseringa av garasjen er slik at bygningen ligg godt utanfor siktlinje for veg og ikkje på nokon måte er til hinder eller kan vera til fare for trafikktryggleiken på fylkesvegen. Det planerte arealet ligg på ein høgde ca 8 meter over fylkesvegen.

Området er ikkje aktuelt eller eigna til jordbruksforemål og det er ikkje knytt natur- eller friluftsforemål til området, då parsellen på eine sida grenser til fylkesvegen og på andre til eit svært brattlendt og utilgjengeleg terreng.

Med helsing

Nina Kleiven

Nina Kleiven